

Årsmelding frå styret i Voss musikkråd for 2020

Styret har i 2020 vore slik:

Øystein Dahl, Styreleiar
Knut Bryn, nestleiar
Kjartan Ringheim, kasserar
Halvard Bjørge, skrivar
Lillian Hjelmeland, styremedlem

Varamedlem, Per Helleve, vert innkalla til alle styremøte.

Styret har hatt 4 ordinære møte i arbeidsåret, møtet 12.05 var telefonmøte

Saksområde som har hatt særleg merksemd:

- Økonomi har vore tema på alle styremøta. Musikkrådet fekk tilskot frå Voss kommune i hausttildelinga. Reduserte leigeinntekter for Utescena koronavåren 2020 vart delvis kompensert med kommunalt koronatilskott. Det vert elles synt til årsrekneskapen.
- Generelt om drift, vedlikehald og utleige av Utescena har likeeins vore sak på alle styremøta. Scena har vore utleigd til nokre føremål hausten 2020. På grunn av koronavern vart ikkje scena nytta av leigetakarar i det heile våren 2020. Derimot kunne kyrkja nytta scena for å halda jolegudstenester på jolaftan 2020. Men heller ikkje i år har det vore halde konsertar der. Meir aktivitet der er eit klårt mål for styret, og medlemslaga vert oppmoda om å leggja konsertaktivitet til Utescena.
- Musikkrådet sin funksjon. Voss kommune har ikkje hatt stor trong for samarbeid med musikkrådet dette året. Men musikkrådet har samarbeidd med Voss kulturråd i saker vedkomande fordeling av kommunale kulturmidlar til song og musikk og sendt samsuttale, dette i samsvar med samarbeidsavtale frå juni 2018. I møte 15.12.20 har styret gjort vedtak om å greia ut former for nærare samarbeid med Voss kulturråd, evt ein samanslåing av dei to råda.
- VOK har overdrege til musikkrådet sin eigardel av felles eigde korkrakkar, som så langt har vore lagra i kyrkja. Alle krakkane er no i musikkrådet si eiga og lagra i Utescena. Medlemslaga i musikkrådet kan som før fritt låna desse.

Kjartan Ringheim er kontaktperson for utleige av Utescena.

Halvard Bjørge representerer musikkrådet i styret for Hordaland musikkråd. Namnet endra til Vestland musikkråd på årsmøtet 16.03.19

Voss januar 2021

Styret i Voss musikkråd